

Kyrkjeblad for Fjaler

nr.3 september 2017

75. årgang



So vil ved korset eg standa,
med undring eg ser: Eg er fri!
Eg skal ikkje døy, eg skal leva
med Jesus til æveleg tid!

Trygve Bjerkheim

I tru, håp og kjærleik ... og størst av dei er kjærleiken

1. Kor 13,13

Har du nokon gong tenkt på at livet ditt er ei forteljing. Du har di forteljing, eg har mi, og forteljinga blir til medan vi lever.

Mange av mine eigne forteljingar har i si tid blitt forma av autoritetane i livet mitt, kva mor og far har sagt, kva læraren sa, eller ein venn har sagt.

Eg har til dømes mi skuleforteljing. Den er blitt til ut frå karakterane lærarane gav meg. Eg har ei trusforteljing. Kanskje den handlar om ein Gud som er ute etter å dømme meg. Han er ute etter svakheitene mine heile tida.

Gud er kanskje som ei forlenging av ein kravstor far eller mor. Det einaste som er att er ei kjensle av skuld.

Nokre gongar må vi ha hjelp til å sjå at Gud er annleis enn våre trusførestillingar. Av og til må eit menneske forlate dei orda Gud til no har vore pakka inn i.

Men det finst også gode trusforteljingar: Eg er ikkje åleine. Gud følger med meg, og er større enn alt anna.


Eg kan ikkje forandre fortida. Men eg kan forandre den forteljinga eg heile tida vel å fortelje. Ei forandra forteljing kan gje eit forandra og betre liv.

Nokon må vite kven du er. Vi må bli meir nysgjerrige på kjærleikens kraft, finne ut kven dei menneska vi møter eigentleg er, så vi kan bety noko for dei.

Ein prest leste gjennom de fire evangelia for å prøve å finne ei setning som kunne karakterisere Jesus. Han formulerte denne setninga: «Jesus vendte aldri sitt ansikt bort frå noko menneske.»

I eit ekteskap var det dårleg kommunikasjon mellom mannen og kona. Det blei mykje kjefting og smelling. Ein dag bestemte mannen seg for at no

måtte han gjere noko. Og han tok ei beslutning: Viss han skulle ha ein sjanse til å endre noko, måtte han byrje med seg sjølv. Heretter skulle han spørje kona kvar dag dette spørsmålet: Kva kan eg gjere for å gjere dagen din betre? Då kona sa kva han skulle gjere, så gjorde han det.



Kvar dag gjorde han det kona sa til han. Han rydda i garasjen. Han vaska badet. Han støvsuga, og handla på butikken, og malte gangen. Han fortsatte å spørje, og fortsatte å gjere. I byrjinga var kona skeptisk, men etter kvart skjønnte ho at han ville det gode.

Du kan ikkje fortsetje å kjempe mot kjærleiken som vil deg så godt. Det er ikkje mogleg å slåss mot kjærleiken og vinne.

Jesus møtte menneske og skapte noko nytt i dei. Pekte ut ein ny veg, gav ny tru, nytt håp. Gav nytt rom for kjærleiken. Jesus såg menneska for den dei var og med det dei bar med seg. Han såg dei, og mange gongar gjennomskoda han dei, men Jesu blick var alltid kjærleg og positivt.

For det er ein unik kjærleik som møter oss i Jesus. Det er den kjærleiken som ber når det brest, som tåler, held ut og vågar. Som ber oss gjennom livet, og som ber oss vidare når livet tek slutt.

Guds kjærleik ber, og den bind saman. Vi får gå vidare til ei ny fortsetjing med ei tru som ber med seg tilgjeving og forståing, for å kunne leve saman i fred og fellesskap, den kjærleiken som tåler sårbarheita, som står opp mot uretten og som ber oss gjennom alle slags dagar – i tru, i håp og i kjærleik.

Knut Arne Kummeneje

På kyrkjebakken

Takk for minnegåve til Ljosheim

Hjarteleg takk for kr 5 900 i minnegåve til Ljosheim ved gravferda til Håkon S. Hovland i Dale kyrkje 16. juni 2017. Takk for gåve gitt i kyrkja og pr. bank.

Ei samling for dei som er «godt vaksen»

Det har blitt ein god tradisjon at Cantus og pensjonistlaget deltek på ei gudsteneste om hausten der vi markerer FN sin eldredag. Cantus har eit godt repertoar av dei gode, gamle salmane som alle kan ha glede av å syngje, samt fin korsong. Per Vidar Nybø spelar gitar. Med kyrkjekaffi blir dette ein kjekk samankomst for pensjonistar og andre generasjonar i kyrkja. Vel møtt i Dale kyrkje søndag 24. september!



Helgemesse

Denne søndagen vil vi minnst dei som vi har mista og alle som er døde i kyrkjelyden vår. Helgemessesøndagen er prega av sorg og sagn for mange. Å miste nokon av sine er ofte vanskeleg og smertefullt, men då er det også godt å kunne kome til Han som er livet sin Herre, Jesus, for å samle nye krefter. Denne dagen vil vi peike på håpet vi har i Jesus. Slik trur vi at vi kan hente nye krefter til å kome vidare i liva våre, ikkje åleine, men saman med Jesus som vann over døden og tok livet tilbake. Velkomen til å vere saman med oss i kyrkja.

Helgemessesøndagen

5.november blir det gudstenester i Dale kyrkje kl. 11.00, i Folkestad kapell kl. 11.00 og i Guddal kyrkje kl. 14.00.

facebook



Kyrkja i Fjaler er på Facebook: www.facebook.com/FjalerKyrkja

Her finn du oppdatert informasjon om gudstenester, konsertar, osv.

Vi har også heimeside: www.fjaler.kyrkja.no.

Middag og misjon torsdag 9. november Til deg som går i 8. klasse

Eit spennande opplegg om misjon på Ljosheim i Dale for dei som er født i 2004. Det startar kl. 15.00 og sluttar kl. 17.00.

Kom til Ljosheim og høyr om Ingvald Frøyen sine spennande opplevingar frå livet som misjonær i Afrika. Han vaks opp på Madagaskar på 1960- og 70-talet, og har vore misjonær i Mali, eit land han framleis reiser til.

Dei som går på Fjaler ungdomsskule kan kome rett frå skulen. Alle skal få ein sjanse til å kome til Ljosheim frå skulane lenger unna.

Vi startar med gratis middag. Så skal vi gjere mykje spennande saman, både gjennom lek og høyre om alt det som Ingvald har å fortelje oss!

Du som er født i 2004 vil få eit invitasjonsbrev i posten.



Innhogging av nye namn og oppfrisking av skrifta på gravminne.

Kyrkjeverja formidlar kontakt med ein som kjem vår og haust og gjer slikt arbeid.

Ta gjerne kontakt!

Glede og bekymring i Mali

Eg kjenner ei stor glede her

Under årets påskegudsteneste bøyer ein av dei som nettopp hadde vorte døypt seg fram, slår seg forsiktig på brystet, smiler og seier: «Eg kjenner ei stor glede her!» Til vanleg pleier han å seia: «For ein muslim er det svært vanskeleg å sjå Jesusvegen. Men når du først ser den, så er den god! Der finn du kvile!»

Det evangeliserande arbeidet blant dei fulanitalande folk i Mali er prega av to ting for tida.

Først av alt av at militante islamistar utgjør ein stor trussel i delar av landet, spesielt der det meste av det evangeliserande misjonsarbeid tradisjonelt har vore. Den vanskelige sikkerhetssituasjonen har gjort at dei fleste av misjonærene har flytta sørover i landet. Det er likevel nokre misjonærar som er igjen i det urolege området, saman med dei lokale kristne. Desse treng forbøn og støtte i ein vanskeleg situasjon.

Det andre som pregar det evangeliserande arbeidet i Mali er den store openheita for evangeliet. I det nordlege området der misjonen jobbar og der trusselen frå militant islamisme er størst, er det fleire personar som ønskjer kristen undervisning. Hausten 2017 håpar me

å starta opplæring av 3-5 personar i desse områda som har bedd om undervisning. Lenger sør i landet er det etablert fleire grupper som møtest kvar veke for blant anna å lesa Bibelen saman på fulani. Til påske 2017 vart fire fulaniar døypte, og ein femte person skal døypast til pinse. Misjonærene har blitt inviterte for å koma og undervisa fleire stadar enn dei har kapasitet til å følgja opp, og dei vonar å starta opp nye stadar til hausten. Misjonen og dei lokale kristne heldt stadig fram med å produsera kristne radioprogram og litteratur, og mange er interesserte i desse tinga. Ein av talarane på årets store fulanisamling vart i si tid sjølv kristen gjennom å lytta til radioprogramma som NMS sin samarbeidsorganisasjon i Mali produserer.

I Matteusevangeliet (9,36-38) står det om Jesus: Då han såg alt folket, fekk han inderleg medkjensle med dei, for dei var forkomne og hjelpelause, som sauer utan gjetar. Då sa han til læresveinane: «Grøda er stor, men arbeidsfolka er få. Be då han som er herre over grøda, at han må senda ut arbeidsfolk til å hausta inn grøda si.»

Frode Brügger Sætre



Når målgruppen også blir fiende

- De siste ukene har jeg måttet ta inn over meg en kjensgjerning jeg i det lengste har forsøkt å fornekte, forteller Ingvald A. Frøyen, pendlermisjonær til Mali. - Fulaniene er i ferd med selv å bli sin egen verste fiende, og også en trussel for kirken.

Hva er det som får meg til å si dette? Selv om fulaniene, som alle folk i Mali, lider under en statsmakt som både nasjonalt og lokalt har kollapset, så gjør de det hele mye verre for seg selv ved at et betydelig antall unge voksne menn fra fulanifolket har knyttet seg til militante grupper, som ikke bare driver bandittvirksomhet, men som har et radikalt jihadistisk program og en brutal fremferd.

I samtale med enkeltpersoner jeg kjenner har jeg fått disse enkle «vitnesbyrdene» som bekrefter utviklingen. Alle de som har fortalt meg disse historiene er selv fulanier og er førstehåndskilder. To av dem er kristne og to av dem er muslimer.

Hva skal de gjøre? Dette skjer ikke langt borte et sted, men rett utenfor hjemmene der de bor, og de som truer dem er folk fra deres eget folk som snakker samme språk og som de kanskje til og med kjenner. Derfor blir sorgen så stor og frykten vanskelig å forholde seg til; for nå kan hvem som helst være en angiver eller en overfallsmann. De spises opp innenfra. Så sent som i desember 2016 dukket det





Julekonsert med Sølvguttene

Fredag 1. desember kl. 17.00 i Dale kyrkje

Det blir gjensyn med Sølvguttene, guttekoret i NRK, på fødselsdagen til Jakob Sande. Tipper at Det lyser i stille grender står på programmet! Koret blei stifta i 1940 og er ein institusjon i det norske musikklivet, eit gutekor i verdensklasse. Sølvguttene er for veldig mange blitt ein viktig del av norsk juletradisjon med sine tradisjonelle julekonsertar. Sølvguttenes konsertkor består av ca.45 gitarar frå 8 år til stemmeskiftet, samt 15 vaksne songarar. Dei fleste vaksne har tidlegare vore gutesongarar i koret.

Koret har utgitt ei lang rekkje plateinnspelningar, og medverkar jamnleg i TV og radiosendingar. Koret er spesielt kjent for sin julekonsert i TV julaftan, julekonsertar i Oslo Domkyrkje, samt i Oslo Rådhus vesle julaftan. Dette er konsertar som har vore ein tradisjon sidan 1965. Korets plateinnspelningar har

gitt fleire gull- og sølvplater. Særleg er "Julenatt" blitt populær.

Det blir stas å oppleve Sølvguttene sin julekonsert også i Dale kyrkje! Dale barnekor og Ungdomskoret deltar i fellesnummer. Vel møtt!

MT - Foto: NRK

Andre julekonsertar

Dei tradisjonelle julekonsertar med lokale aktørar er:

Måndag 18. desember kl. 18.00 i Folkestad kapell

Tysdag 19. desember kl. 19.30 i Dale kyrkje

Set av datoane allereie no!

opp åtti væpnede islamister på markedsdagen i Djalloube, en by inne i Mopti-deltaet. De var kledd i sort og kjørte rundt på motorsyklar utelukkende for å spre frykt. Så forsvant de, like fort som de kom.

For oss som en kristen misjon med

hovedfokus på fulanitalende i Mali er dette en meget stor utfordring og det påhviler oss et stort ansvar. Endringen i konflikten har allerede fått store konsekvenser for hvor vi kan jobbe, men nå også for hvordan vi jobber. Det utfordrer oss også i forhold til folks rettigheter og

frihet. Mali i 2017 og Mali i 1987 er som to ulike univers. Å stake ut kursen videre for NMS i Mali blir en krevende oppgave.

Ingvald Andersen Frøyen



Familien Zimmermann Espeseth (Foto. I.A Frøyen)

Maria og Elias, velkommen til Alværa!

I midten av mars kom familien Zimmermann Espeseth flyttande til Lavik og Alværa. Elias vart tilsett som dagleg leiar ved Misjonscenteret. Den fyrste tida var dei installert i ei av hyttene til Alværa. No bur dei i kjellar-husveret i styrarbustaden, og dei håper å vere vel installert i hovudetassen i styrarbustaden så snart som råd. Med på flyttelasset var kona Maria og dei to borna deira, Samuel Ángel(2½ år) og Noomi Aurora (9mnd).

Eg stikk innom ein føremiddag i byrjinga av juni for å bli litt meir kjent med dei.

Først vil eg gjerne vite litt meir om kven dei er.

Elias er frå ei lita bygd som heiter Bøe i Herøy kommune på Sun-

nmøre. Maria har barndomen nordpå og ungdommen i Østfold – noko vi høyrer på dialekta. Dei siste 9-12 åra har dei budd i Bergen. Elias har studert sosiologi, medan Maria er utdanna lærar/kyrkjelyds-pedagog.

Kvifor flytta de frå Bergen til Alværa?

Maria har vore på leir på Alværa for ein del år sidan. Då ho studerte på NLA hadde ho praksis i NMSU i Bjørgvin. Det var i den samanhengen at ho var på Alværa. Elles har Maria NMS bakgrunn. Ho har vore mykje på NMS-leirar på Solsetra ved Drammen. Men det er litt tilfeldig at vi er her no. Eg kom over ei annonse om ledig stilling som dagleg leiar. Det er ikkje så

lett å få jobb i Bergen, så då eg syns at stillingsomtalen såg spennande ut, valde eg å søkje. Det såg ut til å vere varierte oppgåver – ei fin blanding av administrasjon og dagleg drift.

Ja, og er det slik du tenkte det?

- Det har vore varierte oppgåver – førebuing til og vasking og rydding etter arrangement, matlaging, rydding ute og administrasjon. Sidan vi kom har det vore m.a. 2 konfirmasjons-selskap, leir, konfirmantweekend, Alværastemnet og barnehage-besøk. Dei neste vekene skal det vere middag for bussreise, storfamiliesamling for ein familie som samlast årleg på Alværa i pinsa og helga etter er det familieleir med over 60 deltakarar. Eg

har brukt ein del tid på bli kjent på staden, både ute og inne og for å sette meg inn i ting.

Når du har rusla litt rundt, både ute og inne, har du kanskje gjort deg opp nokre tankar om kva som bør gjerast og korleis du vil ha det? Gjengroing er eit problem på Alværa som alle andre stader. Det må ryddast ein del. Då er det flott at det no er tilsett vaktmeister i fast stilling, sjølv om den ikkje er meir enn 20%. Det er fint med ein driftig og arbeidssam vaktmeister som Ole Henning Kjønås. (Ole Henning er oppvaksen på Lavikdalen.) Det har og vore fleire innom på dugnad her og har du tid og lyst å stikke innom så er det nok av oppgåver å ta fatt på. Men ta gjerne kontakt på førehand.

Vi har små barn og ser det også litt frå deira ståstad. Ei god sandkasse og nokre leikestativ vil gjere uteområdet straks meir barnevenleg. Noko er lett å få til, andre ting krev meir arbeid og pengar.

Har du nokre tankar vegen vidare for Alværa?

I tillegg til uteområdet, så bør vi prøve å få meir aktivitet på kvardagar. Mange helger er opptatt, men på vekedagar er det lite som skjer. Om sommaren er hyttene

mykje utleigd, medan senteret er stort sett stengt. Kva vi kan gjere med den ledige kapasiteten i juli og første halvdel av august, må vi drøfte vidare.

Maria, korleis er det for deg å bu på Alværa?


Det er til tider stille her, litt for stille. Eg har hjelpt Elias når det har vore mykje aktivitet på Senteret. Eg skal også vere heime med Noomi Aurora neste skuleår. Deretter får eg sjå kva det vert til. Kanskje kan eg få noko jobb på skulen. Eg liker godt å sy og strikke. Eg har ei lita strikke- og syverksemd som eg håpar å få meir liv i. (Vakre Fullmåne heiter verksemda).

Elles så ser eg fram til at Samuel Ángel skal begynne i barnehagen til hausten. Då vil det bli lettare å bli kjent i Lavik.

Når eg spør om fritidsaktivitetar, svarer begge at dei er glad i å lage mat. Begge liker å sparke fotball og å lese når dei har tid til det. Maria er og glad i musikk og spelar piano.

Vi ønskjer Maria, Elias og borna deira velkomne til Alværa og til Lavik og oppmodar alle til å ta vel imot dei.

Toril Lange



Vi har ei flott kyrkje i Guddal og ein fin kyrkjegard!

Men vi har dessverre ingen som ønskjer å vere kyrkjetenar i Guddal kyrkje, og har heller ingen som ønskjer å ta over vedlikehaldet av kyrkjegarden.

Vi kan ikkje gje opp håpet!

Ta kontakt med kyrkjevevjerje Irene Fløde om du lurar på om dette er noko for deg.





Gudsteneste og dåp ved krossen

Ved den gamle siglingsleia i det trange Korssundet luter ein fire meter høg steinkross på ein haug. Sundet har fått namn etter den mystiske krossen.

Skapte nytt sund

Segna vil ha det til at kong Olav den heilage hadde hastverk ein gong han siglde nordetter kysten. Han skulle nå att broren sin som hadde sigla i førevegen. I staden for å fylgje den vanlege leia, styrde kongen skipa beint mot land. Då opna landet seg, og kongeskipet kunne sigle gjennom det nyskapte sundet. Til minne om denne «kongeferda» vart så krossen reist ved sundet.

Runene ikkje tyda

Korssund-krossen har hol i krysspunktet, og det er spor etter runer i steinen, men skrifta er ikkje tyda. Ved krossen står eit primitivt utforma kar for vigslevatn som vart nytta av dei som kom til krossen for å be. På 1600- og 1700-talet kjenner ein til at det vart utført

kyrkjelege handlingar ved krossen, og i mellomkrigstida på 1900-talet vart det halde Olsok-stemne på krosshaugen.

Kjelde: allkunne.no

Fornya tradisjon

Pinsedagen 1995 var over 250 menneske samla ved steinkrossen til 1000-årsfeiringa av kristendomen si innføring i Norge. Fire år seinare vart den årlege friluftsgudstenesta på Olsokdagen flytta frå Tyssedalsvatnet til Korssund. Dermed vart ein ny tradisjon etablert, og krossen er igjen i regelmessig bruk som kyrkjestad. Ó barn har vore døypt der i nyare tid.

Søndag 30 juli i år vart søskenbarna Veslemøy Ness Igelkjøn og Mikkel Olai Osland Fodstad døypt ved krossen. Den allsidige soknepresten vår Knut Arne var både prest og «organist», med god hjelp frå Sigrid Høgseth Felde, som bidrog med tekstlesing og nydeleg song.

Tekst og bilete: Joy Taylor.





Vår grønne kyrkjelyd

Konkrete tips om innkjøp, forbruk og miljøgifter



Soknerådet har vedtatt at Fjaler skal vere ein grøn kyrkjelyd, og utfordrar alle medlemmene til å vere gode forvaltarar av skaparverket og Jesu Kristi etterfølgjarar.

Jesus fortel oss at eigesjuka er like gale som mord og tjuveri:
Frå menneskehjartet kjem dei vonde tankane: hor, tjuveri, mord, ekteskapsbrot, eigesjuka, vondskap... Markus 7, 21-22
Jesus seier til oss: *De kan ikkje tena både Gud og Mammon. Matteus 6, 24.*

Mammon er eit arameisk ord som tyder pengar, formue og eigedom. Vi som er døypte må setje Guds skaparverk og Jesu lære framfor kjærleiken til pengar, formue og eigedom.

Kva betyr det konkret for oss i dag? Korleis kan vi følgje Jesus ved å handle lokalt? Alle som høyrer til kyrkjelyden må bli meir klima- og miljøvennlege.

Kjøp så lite som råd er

- Kjøp berre det du treng.
- Unngå produkt med masse plastemballasje.
- Ta med handlenett i staden for å kjøpe plastposer.
- Kjøp varer som går fort ut på dato på 50% hyllar i butikkane – då sparar du pengar òg!

Bruktkjøp, byte og reparasjon

- Bruk loppemarknader, NMS gjenbruksbutikken i Førde og Facebook-gruppene for kjøp-sal-byte-leie-gi bort.

- Miljøstasjonen på Einestølen, mellom Førde og Naustdal, har ei bytebu der du kan sette ting som du trur andre kan ha nytte av. Det er og då sjølvsagt gratis å ta med seg ting derifrå.
- På finn.no er det gratis å annonserie for dei som gjev vekk.
- Gje vekk klede til Fretex/Frelsearmeen – det er 7 innsamlingspunkt i Førde.
- Ta med ting til Romaniahjelpen sine innsamlingar to gonger i året på Ljosheim i Dale. Barneheimane i Romania etterlyser t.d. dyner, puter, laken, dynetrekk og putetrekk i tillegg til barne- og vaksentøy, leiker o.s.v. Ver med i Romaniahjelpen-gruppa på Facebook.

Unngå bruk av eingongsprodukt

t.d. eingongsgrill, eingongskoppar, fat og serviettar.

Bruk mindre papir.

- Abonner på e-avis i staden for papir.
- Bruk netttenester og e-post så langt som mogleg.

Miljøgifter


Antibakterielle stoff kan vere helse- og miljøfarlege og gjer ikkje vaskemidlane meir effektive melder Miljødirektoratet på si nettside miljostatus.no. I tillegg kan dei gjere bakteriar motstandsdyktige mot antibiotika. Derfor advarer Folkehelseinstituttet mot bruk av antibakterielle reingjøringsprodukt. Med mindre du er ein stad med stor smitтерisiko er det ingen grunn til å nytte vaskemidlal med antibakteriell effekt eller klor.



Kva skal eg reingjere med då?

- Vel Svanemerka produkt som har ein garanti på at reingjeringsmiddelet ikkje inneheld unødvendige eller spesielt farlege giftstoff.
- Du kan også sjå etter produkt anbefalt av Norges Astma- og allergiforbund (NAAF). Dei oppfyller svanemerkeets kjemikalkriterium, er garantert parfymefrie, og oppfyller ei rekkje helsekrav.
- Eddik kan brukast til mykje. Bytt ut mange reingjeringsprodukt med berre eitt og spar pengar, helse og miljøet! Sitronsaft er like bra og luktar betre!
- Rein grønsåpe er også bra.
- Med mikrofiberklutar vil du ikkje trenge vaskemidlal i det heile tatt!
- Unngå sprayflasker: I sprayform henger middelet i lufta i fleire timar, og både du og dei rundt deg kan puste det inn og risikere å få helseskader. Folk med astma og allergi kan få alvorlege reaksjonar.
- Problem med kalkavleiring? Sitronsyre eller eddik fungerer fint som avkalkingsmiddel til porselen og fliser. Skyl med reint vatn etter bruk.
- Bruk bakepulver til bl.a. steikeomnsreins. Fukt innsida på steikeomnen, påfør bakepulver, sett omnen på 50 grader og la det stå nokre timar før du tørker av med ein fuktig klut.

Mark Taylor



Velkommen til leir!

Hausten er her og det er snart leir på Alværa misjonssenter.

Knotteleir

0 -10 år sammen med voksne!
Laurdag 30. september - søndag 1. oktober
Påmeldingsfrist: laurdag 16. september

Ta med barn, barnebarn, tantebarn eller nabobarn på ein innhaldsrik leir på Alværa. Leirstedet ligger fint til ved Sognefjorden fem min. fra Lavik. En fin mulighet til å slappe av og være sammen. Vi ordnar med all mat og programmet og har med oss flinke leiarar som gjerne vil vere med barna.

Hauitleir 2.-6. klasse

mandag 9. oktober - onsdag 11. oktober
Påmeldingsfrist: mandag 25. september 2017

Vi samlast til gode dagar med misjon, lek, aktiviteter, gode samtalar og alt det som høyrer til på ein leir. Bibel, misjon, leikar og konkurransar, aktivitetar ute og inne, samlingar med moro og alvor. Her blir det moglegheit til å utfalde seg i naturen rundt leirstaden, hoppe på trampoline, spele ballspel og minigolf, leike og lage ting. Dessutan er leir ein god plass for å bli kjend med nye vener!

Musikk&Media-leir

Ein leir med sprudlande kreativitet og liv!
Fredag 27. oktober - søndag 29. oktober
Påmeldingsfrist: fredag 13. oktober

Vi lager musikk, drama og video, tar bilete og lærer nye måtar å bruke dei på. Om du likar best å synge, spille, vere skodespelar, vere reporter eller likar deg best bak kamera, har denne leiren noko for ein kvar smak. Vi setter fokus på Jesus og å dele, lærar om misjon og verda. Leik og moro høyrar sjølvsagt også med!

Kontaktperson: Helle Leivestad Kartveit, tlf. 40406050,
epost: hellelk@nms.no.

Påmelding og meir informasjon på www.nmsu.no

Alle som melder seg på får deltakarbreve med info på e-mail ei veke før leir.

Velkommen på leir!

I kyrkjelyden sidan sist

Dale

Døypte:

Alexander Strømmen Åsnes

Vigde:

Lisa Eide Simonsen og
Ivar Skaar Sætenes
Marte Solemdal og
Vebjørn Lykkebø Samuelsen
Birte Myklebust og
Jobbjørn Hauken

Døde:

Einar Prestøy Sandsund	f.2012
Klara Igland	f.1925
Gerd Marie Viken	f.1923
Trygve Øye	f.1934

Guddal

Døde:

Edvin Hovlandsdal	f.1928
-------------------	--------

Folkestad

Vigde:

Tina Lammetun og
Tommy Johansen Dale

Døde:

Maria Else Skår	f.1931
-----------------	--------

Korssund

Døypte:

Mikkel Olai Osland Fodstad
Veslemøy Ness Igelkjøn



Arkivbilette

Ny dåpsliturgi

Kyrkjemøtet har i år vedteke ny dåpsliturgi som kyrkjelydane skal ta i bruk innan 1. september 2017, så også i Fjaler. Det er endring i plasseringa av leddet om Fadderansvaret, når foreldre og fadrar reiser seg. Dette leddet er no plassert før dåpen og ikkje etter slik det var i den tidlegare versjonen. Det er òg gjort justeringar i einsskilde formuleringar, særleg i takkebøna for dåpsbarnet før dåpshandlinga. Etter dåpshandlinga, er det kome inn ei bøn og lovprising som er eit heilt nytt ledd. Det blir spennande om kyrkjelydane vil merke forskjell. Det er berre å følge med og høyre og sjå kva som skjer.

Før dåpshandlinga kjem denne takkebøna som presten ber for den som blir døypt:



L: Lat oss takka og be:

L: Evige Gud, du som gjev liv til alt som lever, og har skapt oss i ditt bilette:

Vi takkar det for *NN/NN (fornamn)* som i dag skal bli *døypt(e)*.

Ho/Han/Dei er dyrebar(e) i dine auge. Ver hos *henne/han/dei* med din kjærleik og gje *henne/han/dei* ein heim i di kyrkje. Amen.

Etter dåpshandlinga følgjer denne bøna og lovprisinga som presten eller ein medliturg ber:

ML/L: Trufaste Gud, vi takkar deg for dåpen, der du tek oss inn i di kyrkje.

Vi bed for *NN/borna/dei* som er *døypt(e)* i dag. Hald di vernande hand over *henne/han/dei*, og gje kjærleik og visdom til alle som har ansvar for *henne/han/dei*.

Amen.

Velkommen til Laurdagsklubben!

I haust startar vi oppatt med Laurdagsklubben og vi ynskjer alle born frå 4 år velkomne til å vere med. Her vert det tid for både song, forteljarstund og fri leik. Det vert òg tid for sosialt samvere for dei vaksne som følgjer borna sine. Laurdagsklubben er tilslutta Sundagsskolen Norge.

Kven: Frå 4 år og oppover
Tid: Laurdagar kl. 10.30-12.00
Stad: Ljosheim i Dale

Leiarar: Ragnhild Stav
Hans Stav

SPRELL  LEVENDE
LAURDAGSKLUBBEN

Datoar for Laurdagsklubben i haust:

Laurdag 9. september
Laurdag 23. september
Laurdag 28. oktober
Laurdag 11. november
Søndag 19. november
Laurdag 9. desember

Orgelbrus

**Søndag 19. november
kl.11.00**

Det har blitt ein tradisjon at Laurdagsklubben er med og syng på familiegudstenesta i november. Då er det utdeling av Mi kyrkjebok 4 til 4-åringane. Vi møter kl.10.30 for å øve litt på songane. Etterpå har vi samling på Ljosheim for heile familien med pølser, brus, kaffi og kaker.



06-08. Okt
UNGDOMSLEIR

Pris: 500kr for HEILE helga

(Inkluderar overnattning og mat)

Ei helg spekk med aktivitetar, grilling,
brå folk. og Jesus!

Sjå facebook for meir info og påmelding

Søk: Solution Hyllestad

HYLLESTAD KJYRKJE



Velkommen til kyrkje

Søndag 24. september

Dale kyrkje kl.11.00

Gudsteneste med markering av eldredagen. Musikk ved Cantus og Per Vidar Nybø (gitar). Kyrkjekaffi. Offer til Sjømannskyrkja - Norsk kyrkje i utlandet.

Folkestad bedehuskapell kl.19.00

Syng-med-oss salmekveld. Hardinge-fele-innslag v/Bjarte og Rune Berge. Kveldsmat. Offer til Sjømannskyrkja - Norsk kyrkje i utlandet.

Søndag 1. oktober

Dale kyrkje kl.11.00

Hautttakkefest. Dåpsskulen og Dale barnekor deltek. Utdeling av 6-årsboka. Tema: Skaparverket er ikkje til sals. Kyrkjekaffi. Offer til NMS Misjonsprosjekt Egypt.

Hellevik bedehuskapell kl.14.00

Hautttakkefest. Utdeling av 6 årsboka. Do Re Mi deltek. Tema: Skaparverket er ikkje til sals. Kyrkjekaffi. Offer til NMS Misjonsprosjekt Egypt.

Guddal kyrkje kl.16.30

Hautttakkefest. Utdeling av 6-årsboka. Familiecoret deltek. Tema: Skaparverket er ikkje til sals. Kyrkjekaffi. Offer til NMS Misjonsprosjekt Egypt.

Søndag 8. oktober

Folkestad bedehuskapell kl.14.00

Gudsteneste. Offer til barne- og konfirmantarbeid.

Søndag 22. oktober

Dale kyrkje kl.11.00

Gudsteneste på nord-sørsøndag med tema TV-aksjonen. Konfirmantane deltek. Offer til UNICEF TV-aksjonen "Læring i krig."

Søndag 29. oktober

Hellevik bedehuskapell kl.11.00

Gudsteneste med feiring av Reformasjonsjubileum. Fure og Våge Songlag deltek. Offer til Hellevik bedehuskapell.

Dale kyrkje kl.19.30

Gudsteneste med markering av Reformasjonsjubileum. Orgelmusikk v/ Mark Taylor. Ungdomskoret deltek. Offer til Bibelselskapet.

Søndag 5. november

Folkestad bedehuskapell kl.11.00

Helgemessegudsteneste. Vi minnest våre døde. Offer til Folkestad bedehuskapell.

Dale kyrkje kl.11.00

Helgemessegudsteneste. Vi minnest våre døde. Cantus deltek. Offer til Kirkens Bymisjon Bergen.

Guddal kyrkje kl.14.00

Helgemessegudsteneste. Vi minnest våre døde. Store frå koret deltek. Offer til Kirkens Bymisjon Bergen.

Søndag 19. november

Dale kyrkje kl.11.00

Gudsteneste med utdeling av 4-årsboka. Laudagsklubben deltek. Orgelbrus og kyrkjekaffi på Ljosheim etterpå. Offer til Laudagsklubben i Dale.

Søndag 26. november

Folkestad bedehuskapell kl.11.00

Gudsteneste med utdeling av 4-årsbok. Do Re Mi deltek. Orgelbrus og kyrkjekaffi etter gudstenesta. Offer til NMS Misjonsprosjekt i Egypt.

Straumsnes grendehus kl.14.00

Gudsteneste og kyrkjekaffi. Offer til NMS Misjonsprosjekt i Mali.

Fredag 1. desember**Dale kyrkje kl.17.00**

Julekonsert med Sølvguttene, Ungdomskoret og Dale barnekor.
Billettsal.

Søndag 3. desember**Dale kyrkje kl.19.00**

Lysmesse. 4. klasse frå Dingemoen skule, barnekoret og konfirmantane deltek. Offer til barne- og konfirmantarbeid.

Søndag 10. desember**Guddal kyrkje kl.11.00**

Lysmesse. Elevar frå Guddal skule, Familiekoeret og konfirmantane deltek. Utdeling av 4-årsboka. Offer til barne- og konfirmantarbeid.

Hellevik bedehuskapell kl.16.00

Lysmesse. Konfirmantane og Do Re Mi deltek. Offer til barne- og konfirmantarbeid.

Mandag 18. desember**Folkestad bedehuskapell kl.18.00**

Julekonsert med Do Re Mi, Fure og Våge Songlag og kulturskulen. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Tysdag 19. desember**Dale kyrkje kl.19.30**

Den store julekonserten med lokale musikalske krefter. Kollekt til Fond for Kyrkjemusikk.

Ver meg nær

Gud, ver i mitt hovud og i min forstand.
Ver i mine augo og i mitt syn.
Ver i min munn og i min tale.
Ver i mitt hjarte og i min tanke.
Gud, ver i min siste dag
og når eg skal dra herifrå.

Frå andaktsbok
frå Salisbury (1500-tallet)
omsett av Kari Leine Balog.
Norsk salmebok 2013

Kyrkjeblad for Fjaler

Kontonr. 3741 20 73135

Bladpengar kr. 230 / 300 for året.

Redaktør: Joy Taylor

Prent: Ingvald Husabø Prenteverk a.s.

fjaler.kyrkjeblad@gmail.com

Kyrkja i Fjaler

www.fjaler.kyrkja.no

Kyrkjekontoret, pb 18,
6961 Dale.

Telefon: 57 73 97 70

**Kyrkjekontoret er ope**

måndag-torsdag kl. 9.00-14.00

fredag kl. 9.00-12.00

Ved oppdrag og ferie kan du oppleve
kontoret stengt også når det skulle vore ope.

Tilsette med kontorplass:**Sokneprest Knut Arne Kummeneje**

jobb: 57 73 97 75, mobil: 908 55 230

knut.arne.kummeneje@fjaler.kyrkja.no

Kyrkjeverje Irene Fløde

jobb: 57 73 97 71, mobil: 992 38 420

kyrkjeverje@fjaler.kyrkja.no

mandag, onsdag, torsdag og fredag

Kantor Mark Taylor

jobb: 57 73 97 74, mobil: 975 13 449

kantor@fjaler.kyrkja.no

Kantor har fri kvar torsdag

Sekretær Joy Taylor

jobb: 57 73 97 72, mobil: 911 71 745

kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no

tysdag og fredag

Kyrkjetenarar:**Dale kyrkje og kyrkjegard**

Jostein Løseth

tlf: 906 07 913

Guddal kyrkje og kyrkjegard

Liv Svanhild og Reidar Langeland

tlf: 57 73 88 21

Hellevik- og Folkestad bedehuskapell

Stein Petter Furset

tlf: 470 19 220

Fjaler sokneråd**Leiar Terje Roald Hasnes**

mobil: 905 60 416

**Beredskapstelefon for prest
utanom kontortid 95 48 31 52.**

«Mi kyrkjebok 6»

I september har vi samlingar for 6-åringane i Fjaler. Dei får 6-årsboka i gudsteneste 1. oktober (sjå gudstenestelista), arbeidshefte og CD. På CD-en syng Dale barnekor songar frå 6-årsboka, i tillegg til aktuelle salmar som òg står i boka, og også andre salmar og liturgiledd. I brevet vi sender ut til 6-åringane er det ein spennande invitasjons-DVD som handlar om boka og kva som skal skje.

Mi kyrkjebok 6 handlar om Nora som nett har begynt på skulen. Heime leiker ho skule saman med veslebroren Bo. Bamsen og leikehunden er elevar saman med Bo. «Læraren» Nora lærer dei både å lese og å rekne. Teikne gjer dei òg. Men det mest morosame er likevel friminutta.

6-årsboka har forteljingar frå Bibelen, om Adam og Eva, om Josef og brørne. Vi får møte Jesus når han blir døypt, og den blinde Bartimeus får møte Jesus. Elles kan vi lese om det spennande som hende i påska og pinsa. Boka har mange fine bilete. Og songane har notar med besifring.

I arbeidsheftet er det mange morosame oppgåver å gjere, både å streke, teikne, og fargelegge. Det er mykje å finne ut av.

På samlingane får borna høyre forteljingar frå Bibelen, særlig frå Jesu liv, korleis han møtte menneske. Vi skal leike og syngje. Borna vil også lære om bøn og nattverd. Vi skal smake på brød og vin, og øve på å gå til nattverd.

Alle 6-åringane i Fjaler blir invitert til ei laurdagssamling i Dale kyrkje der vi skal øve til gudstenesta ved å syngje liturgi og salmar. Vi skal òg øve på eit drama om då Gud skapte himmelen og jorda der alle 6-åringane er med.

Vi som arbeider med opplegget for 6-åringane, tykkjer det er veldig kjekt. Vi ser at det er viktig at borna tidleg blir kjend med den kyrkja dei er døypt inn i. Sånn sett er det kyrkja si oppgåve å vere med og hjelpe foreldre og fadrar med å realisere ønsket om at borna skal lærast opp i den kristne trua.

Knut Arne Kummeneje

